



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Utvalg: **Arbeidsutvalet**
Møtested: Telefon
Dato: 22.03.2013
Tid: 10:00 – 11:30

Del 3



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksliste

Saksnr	Innhold	Lukket
PS 10/13	Håkon Øverli. Søknad om bruk av snøskuter.	



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
10/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Arild Fallingen. Søknad om bruk av snøskuter – retur av utstyrs-kasser.

Bakgrunn:

Håkon Øverli har i e-post, 18.03.13, fremma slik søknad:

«Søker om å frakte ved og anna nødvendig proviant/varer til vedlikehold av Fiskebu 159/1/24 ved Honnsjøen. Transporten vil skje etter påske ved Kjetil Sveine.»

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om **bruk av snøskuter til å transportere proviant/varer til fiskebu ved Honnsjoen.**

Det kan gjevast løyve til slik transport av ved med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde (jf. også Finndalen landskapsvernområde) § 3, pkt. 5.3 b).

Transporten det er søkt om skal skje i Ottadalen landskapsvernområde.

Søkjær har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det bør nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyring frå Lia i Lom og over til Vangen/Honnsjoen i Finndalen.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltaka. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang, og talet på hytter/buer avgrensar talet på liknande søknader.

§ 11 Kostnader ved redusert miljøkvalitet

Ikkje relevant for søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Transport på snødekt mark og på vatn gjev ikkje varige skader på naturen.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Innstilling:

Håkon Øverli får løyve til bruk av snøskuter for transport av varer/proviant til fiskebu ved Honnsjoen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde (jf. verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde) § 3, pkt. 5.3 b).

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Det blir gjeve løyve for 1 tur.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013.03.19 Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen, mob. 970 57 213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
5. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
6. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
7. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.